



**HARAM VENSTRE**

*Årsmelding 1994*

**VENSTRE-**  
**- for næringsliv og miljø**

STYRET KALLAR MED DETTE INN TIL ÅRSMØTE I HARAM VENSTRE PÅ  
BRATTVÅG HOTELL LAURDAG DEN 26. nov. 1994 Kl. 12.30.

SAKLISTE:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

2. Årsmelding

3. Rekneskap

4. Kontingent for 1995 *kr 150,-*

5. Val

6. Val av utsendingar til årsmøtet i Møre og Romsdal Venstre

7. Val av utsendingar til nominasjonsmøtet for fylkestingvalet  
Møre og Romsdal Venstre

8. Saker som kjem til.

*Kommunerings på lister.*

Styret i Haram Venstre

*Vara: Svein, Norunn,  
Ågot, Leif.*

*Torleiv Rognie*  
leiar

Eldar Fjertoft  
n. leiar

Aagot Baade Skjelten  
kasserar

Norunn Wuttudal  
styrem.

Alfred Sandøy  
styrem.

Morten Bjerkvik  
styrem.

Svein Jarle Grebstad

studl./skrivar

.....  
Ved slutten av årsmøtet vert det servering av ein  
juletallerken for dei som ynskjer det. Denne vil koste Kr.  
100.- pr. person.

Med tanke på serveringa vil ein be om at dei som ynskjer slik  
servering melder frå om dette til leiaren eller ein av  
styremedlemene.

VEL MØTT !

6293 Longva 11.11.1994

## ARSMELDING.

Meldingsåret har vore eit bra arbeidsår for laget, med bra aktivitet på det politiske plan.

Det har i meldingsåret vore halde to styremøte og eit medlemsmøte. Gruppemøta som det har vore åtte av har også vore tillyst som medlemsmøte. Det har soleis vore halde ti møter tilsaman i meldingsåret.

## STYRET.

I dei to styremøta som ein har halde i meldingsåret har ein drøft saker til representantskapsmøte i Møre og Romsdal Venstre som vart halde 17.9.94 i Molde. Styret har peika ut representantar til å vere med i undergrupper for innspel til programnemnda for fylkesvalprogram 1995-1998. For emnet "Natur og miljø" er Jorunn Ulstein Fjertoft med, og "Helse og sosial" med Svein Jarle Grebstad som medlem.

Styret har og kome med framlegg for medlemsmøte i Haram Venstre om elleve uprioriterte namn på kandidatar til fylkesvallista til Møre og Romsdal Venstre.

## MEDLEMSMØTE.

Medlemsmøtet den 17. okt. handsama møtet saka om framlegg til elleve uprioriterte kandidatar til fylkesvallista for MRV for fylkestingvalet 1995. Framlegget frå styret vart samrøystes vedteke, og frå Haram er to kandidatar med i framlegget, Jorunn Ulstein Fjertoft og Torleiv Rogne.

Medlemsmøtet gjorde også vedtak om at Haram Venstre skal stille liste ved kommunevalet i 1995.

Møtet valde også personar til programnemnd for kommunevalprogrammet. Med i nemnda er: Leif Flem, leiar, Unni Flem Fjertoft, Lars Ulla, Gunnvor Lausund og Per M. Sønderland.

Likeeins vart det valt nominasjonsnemnd der desse er med: Johan Vågnes, leiar, Norunn Wuttudal og Eva Lundemo. Vara: Morten Bjerkvik, Jorunn Ulstein Fjertoft og Inger Røsek.

## GRUPPEMØTA.

Framfor kommunestyremøta har ein halde gruppemøte. Desse har vore tillyst som gruppe - og medlemsmøte. Medlemene i k.gruppa har vore svært flinke til å møte, og drøftingane av sakene har vore gode. Som tidlegar kan ein ynskje seg eit større engasjement frå medlemene i partiet. Det er viktig for k.styremedlemene at ein får både innspel i politiske saker og korrigering av dei standpunkt rep. tek i kommunestyret.

*Handwritten notes:*  
 Styremøte i Haram  
 15. januar  
 Ap. 1994

## POLITIKK.

Kommunestyregruppa har som tidlegare også i dette året prøvd å få gjennom sine politiske idear ved å fremje forslag i dei saker som dette har vore naturleg å gjere. Dette gjeld også for dei utval som Venstre er representert i, HHS og HTS.

Ein finn grunn til å nemne nokre " tyngre " saker som Venstre har engasjert seg sterkt i i meldingsåret.

Under handsaminga av budsjett for 1994, gjorde Venstre i formannskapet framlegg om å legge rådmannens utkast til grunn som budsjett for Haram kommune for 1994. Dette framlegget vart sett fram etter at det kom framlegg om å auke skulebudsjettet med 1 mill. kroner som skulle dekkjast inn av forventa rentenedgang frå omlag 6 % til rundt 5 %. Framlegget frå Venstre fekk fire røyster i formannskapet, altså mindretal, då fem røysta for det andre framlegget. Det var likevel klart at mindretalsforslaget frå formannskapet kunne få fleirtal i kommunestyret. Før kommunestyremøtet tok difor Venstre kontakt med " mindretalsgruppa " frå formannskapet å sette opp eit sams redigert framlegg som fekk fleirtal i k.styret.

Venstre gjorde også i formannskapet framlegg om at det vart løyvt Kr. 1 mill. til ombygging av Haram sjukeheim på investeringsbudsjettet. Dette vart samrøystes tilrådd, og fekk også fleirtal i kommunestyret.

Når det gjeld saka om Helsesenter i Brattvåg har Venstre hatt som standpunkt at dette burde kome i samband med utviding av sjukeheimen, då dette truleg vil gi den beste økonomien for kommunen. Ein må her få gi uttrykk for ein stor skuffelse då utviding av sjukeheimen vart nedstemt i kommunestyret grunna vikarierende motiv frå fleirtalet, Høgre, Vatne-lista, Søvik-lista og Krf. Alt peikar no i retning av at det vert bygt eige bygg for Helsesenter på Haugstad-området tidlegast om 5-10 år.

Tilhøva til dei eldre og pleietrengjande i kommunen må vere ei av dei viktigaste sakene for Haram Venstre også i komande år. Eldrebylja er komen også til Haram og vil berre forsterke seg frametter som åra går. Det hastar difor å auke tilbodet for dei mest pleietrengjande. Sjølv om ein aukar ressursbruken i den heimebaserte omsorga, fører dette til at pasientane som kjem til - eller treng sjukeheimplass, er langt tyngre pleietrengjande.

Ei anna stor sak som har vore oppe til handsaming i meldingsåret er omorganiseringa av Haram Elverk til aksjeselskap, Haram Energi AS. Ei valnemnd var oppnemnd til å kome med framlegg til medlemar av styret i selskapet. Det vekte nok undring at det til styreleiar var utpeika ein representant busett i Alesund, og at to av dei tre andre styremedlemene var henta frå valnemnda. Det vakte også sterk missnøye at det ikkje var føreslege representant frå øyane til styret i Haram Energi AS.

*Skildring om skulestrukturen i Haram  
13. januar.  
Agdermodellen.*

Venstre gjorde overfor valnemnda framlegg på Alfred Sandøy eller Edel Halland Davik som sin representant i styret. Alfred Sandøy vart valt som varamedlem til styret.

Då det synte seg at forslaget frå valnemnda ikkje hadde med representantar frå øyane, gjorde Venstre framlegg om Ingemund Longva som styremedlem frå dette området av kommunen.

Det står att å sjå korleis utviklinga går med eit aksjeselskap som er underlagt politisk styring på denne måten. Bør Venstre støtte at det skal vere politikarar som absolutt skal sittje i eit reint forretningstyre? Kan dette med fordel overlatast til folk frå næringslivet med kunnskap om styring av slike selskap?

#### INTERPELLASJONAR.

Haram Venstre har i meldingsåret reist to interpellasjonar. Den første gjekk på tilstanden til Ullasund bru, som partiet også reiste interpellasjon om i 1993. No syner det seg at det må byggast ny bru som bør vere ferdig innan utgangen av 1996. Venstre har gjennom initiativ overfor ordførar og adm.sjon bedtom at kommunen no må ta initiativ overfor planleggarane som sikkrar at ny bru vert byggt med tanke på framtida som ein lekk i Nordøyvegen. Ordføraren har lova å få til eit møte med vegstellet, samferdselavd., fylkesordførar/rådmann og MRF med det første. Saka skal fram på fylkestinget i desember i år.

Den andre interpellasjonen gjekk på spørsmålet om bruk av nynorsk som målform i felleslysingar med andre kommunar i regionen.

#### MEDLEMSTAL.

Medlemstalet i Haram Venstre har synt seg å vere stabilt. Også i år er medlemstalet 40 betalande medlemmar. Det bør vere muleg å auke medlemstalet. Medlemskontingenten er Kr. 150.-.

#### ØKONOMI.

Laget sin økonomi er god, og kasseraren gjer eit godt arbeid for laget. Også i år har styret vedteke at det vert halde eit lotteri til inntekt for laget. Elles syner ein til rekneskapen som vert lagt fram på årsmøtet.

#### YMSE.

Haram Venstre vart saman med dei andre politiske partia i Haram invitert til å ha stand under Ha - No dagane på Nordøy grendahus i september 1994. Haram Venstre var det einaste partiet som stillte opp, og frå partiet møtte Alfred Sandøy og Torleiv Rogne. I kor stor grad dette er nyttig for partiet er uråd å vite, men ein støttar for det første idretten og elles kjem ein i kontakt med mykje folk. Haram V. betalte Kr. 300.- for å få stille.